



FOLKEAKSJONEN I
HARDANGER
FOR KRAFTOVERFØRING
MED SjøKABEL

WWW.STOPPKRAFTLINJA.NO

Pressemelding 16.03.10

Spenningsoppgradering kan løysa energisituasjonen i Bergensområdet

Gjennom media har me forstått at Terje Riis Johansen vil bruke meir tid i saka om det omsøkte nye luftspennet gjennom Hardanger. *Folkeaksjonen i Hardanger* håpar dei positive signala vert fylgde opp med ei brei utgreiing av andre alternative løysingar.

Det er viktig at Bergensregionen opprettheld ein god forsyningstryggleik, som også gjev rom for ny industriutvikling i framtida. Sidan oppstarten i 2005, har "*Folkeaksjonen i Hardanger*" nettopp peikt på dette.

Snublande nær ligg ei oppgradering til 420 kV av eksisterande linjer i området.

Nettutviklingsplanen for heile landet til Statnett for 2009 har stort fokus på nettopp dette, og i mange andre område ynskjer dei å prioritera spenningsoppgradering, uansett samfunnsøkonomi.

Likevel har Statnett konsekvent hevda at dette er ei umogleg problemstilling i Hardanger, før ei tredje linje er etablert. Den planlagde kraftlinja frå Modalen til Kollsnes, via Mongstad, vil definitivt betra forsyningsbiletet i Bergensregionen og såleis vera eit sær viktig grunnlag for vidare oppgradering av eksisterande 300 kV linjenett.

Proessen i saka om luftspenn gjennom Hardanger, har verkeleg sett tilliten til Statnett og NVE på prøve. Skal tilliten oppretthaldast, må prosessen vidare vera meir open for å vurdere andre løysingar.

Det er truleg sjeldan OED krev nye utgreiingar i ei klagesak, difor står det respekt av at statsråden no ynskjer nye analysar. På bakgrunn av habilitetsrelasjonane mellom OED, NVE og Statnett, torer me oppmoda statsråden om å søkja tverrfagleg ekspertise for å finna alternative løysingar til dei som Statnett til no har lagt på bordet.

"*Folkeaksjonen i Hardanger*" ynskjer at utgreiingsprogrammet vert sendt på høyring til alle involverte partar.

Dersom ei slik utgreiing i ettertid skal ha truverde, bør prosessen vera open.

For meir utfyllande informasjon:

Jan Ivar Rødland 907 27 145 Leiar i «Folkeaksjonen i Hardanger»
Klaus Rasmussen 4566 7708 Sekretær

jan@vestskog.no

klaus.tpt@gmail.com

www.stoppkraftlinja.no

"Folkeaksjonen i Hardanger for kraftoverføring med sjøkabel" er støtta av:



Hardangerrådet



GRANVIN HERAD



KVAM HERAD



ULVIK HERAD